



«MottakerNavn»  
«Adresse»  
«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Vår ref  
2023/397-98

Dykkar ref  
«Ref»

Saksbehandlar  
Ingunn Moen Helland  
909 90 488  
ingunn.moen.helland@vaga.kommune.no

Dato  
10.03.2025

## Områderegulering Vågåmo - varsel om utvida plangrense

### Bakgrunn

Vågå kommune varslar jf. §§ 12-2 og § 12-9 utviding av plangrensa for igangsett arbeid med områderegulering for Vågåmo.

Oppstart av planarbeid og høyring av planprogram for områderegulering for Vågåmo vart med heimel i plan- og bygningslova §§ 12-2, 12-8 og 12-9 varsla ved brev av 29.06.2023, samt brev av 07.09.2023 om justeringar. Planområdet har seinare vorte innskrenka ved vedtak i kommunestyret 23.05.2024, og saksprotokoll frå denne behandlinga er vedlagt til orientering.

Det er arbeidet med heilskapleg sikring av Vågåmo mot flaum og flaumskred som utløyser behov for mindre utviding av plangrensa.

### Formål og omtale av utvidingsareala

Hovudformålet med planarbeidet er sikring av Vågåmo mot flaum og flaumskred. I samband med NVE sitt arbeid med utgreiing av sikringstiltak er det gjennomført omfattande grunnundersøkingar og fagutgreiingar. Meir detaljert kunnskap om området viser at det er behov for å utvide plangrensa i tre område, som omtalt under.

1. Utviding mot nord langs Nugga elv for plassering av fangnett for flaumskred høgare opp i vassdraget, samt tilkomst til skrednetta.
2. Mindre justering på gnr 26 bnr 1 nord for Finna for å gi moglegheit for betre arrondering av midlertidige anleggsområde på dyrka mark.
3. Utviding mot aust langs Rv15 for å sikre nødvendig planavklaring av tiltak knytt til overvassleidning og tilkomst til denne.

**Postadresse:**  
Edvard Storms veg 2  
2680 Vågå


**Besøksadresse:**  
Edvard Storms veg 2, 2680  
Vågå

**Org.nr:** 939 607 706  
**Heimeside:**  
www.vaga.kommune.no  
**E-post:**  
postmottak@vaga.kommune.no

**Telefon:** 61 29 36 00  
**Bankkonto:**  
2085 07 70000

## Endringar av planområdet

Etter dei utvidingar av planområdet som blir varsla nå, er planområdet avgrensa slik det går fram av kart under. Samla utviding av planområdet utgjer 50 dekar. Planområdet er etter utviding 4 687 dekar stort.




Figur 1: Kart som viser plangrensa for områdeplanen med varsla utvidingar. Utviding av plangrensa er vist med raud stipla line. Svart stipla line viser plangrensa etter reduksjonen av planområdet som art gjort ved vedtak i kommunestyret 23.05.2024 (jf. sak vedlagt).

### 1. Utviding mot nord langs Nugga elv

Sikringsprosjektet er avhengig av å sikre mot flaumskred langs Nugga for å oppnå tilfredsstillende sikkerheit for Vågåmo. Aktuell sikringsmetode er etablering av fangnett for skredmassar. Desse netta skal fange massar og treng solid forankring i fjell. Plassering av skrednetta vart gjort omtrentleg i moglegheitsstudien, men er seinare supplert med grundigare grunnundersøkingar. Undersøkingane har avdekt utfordringar med opphavleg plassering, og netta er no planlagt plasserte i område der det er tilstrekkelege moglegheiter for forankring. Justert plassering av netta utløyser behov for utvidinga av planområdet.


Utviding av planområdet nordover langs Nugga er vist på kart i figur 2 og omfattar areal på eigedommane gbnr 21/3, 21/4, 21/5, 24/1 og 24/30.



Figur 2: Kartutsnitt frå øvre del av Nugga som viser utviding av plangrensa, vist med raud stipla line.

## 2. Utviding på gnr 26 bnr 1 nord for Finna

Utviding av planområdet langs Finna omfattar eit mindre areal på eigedommen gbnr 26/1 som vist på kart i figur 3. Plangrensa er justert til å følgje markslaggrense for å gi moglegheit for betre arrondering av planlagt midlertidig anleggsområde på dyrka mark.




Figur 3: Kartutsnitt som viser justering av plangrensa nord for Finna på gbnr 26/1, ny plangrense er vist med raud stipla line.

### 3. Utviding mot aust langs Rv 15

Nærare detaljering i planleggingsfasen har resultert i at det blir planlagt for å nytte riksveg 15 som flaumsikring, og ikkje lokal sikring rundt Kræmar-Sandbu og Krokjordet, slik det opphavleg var skissert i mogleighetsstudien. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom NVE, Statens vegvesen og Vågå kommune som både innfrir behovet for sikring av eksisterande bustader i området, samtidig som det aukar tryggleiksnivået for Rv15 som transportkorridor og dessutan også sikrar meir dyrka mark mot flaum.

Planområdet blir utvida mot aust som vist i kart i figur 4 for å gi planavklaring for tilkomst til eksisterande overvassleidning i området og planlagt tilbakeslagsventil i utløpet av denne.

Utviding av planområdet mot aust omfattar areal på eigedommane gbnr 18/1, 194/25 og 18/26, som vist på kart i figur 4.



Figur 4: Kartutsnitt som viser ny plangrense med raud stipla line. Ein liten del av Ottaelva, som i kartet framstår som ei utviding, inngjekk imidlertid i planområdet ved varsla planoppstart 29.06.2023, men vart seinare teke ut, jf. sak i kommunestyret 23.05.2024 (vedlagt).

### Vurdering av forholdet til planprogrammet

Planprogrammet for områdereguleringsplanen legg til grunn NVE sin mogleighetsstudie for heilskapleg sikring av Vågåmo mot flaum og flaumskred. Planprogrammet vart fastsett i kommunestyret 26.10.2023, sak 68/2023 etter å ha vore på høyring. Det er presisert både i planprogrammet og i samband med varselet om oppstart av planarbeid at det gjennom nærare undersøkingar og NVE si utarbeiding av tiltaksplan for flaumsikring kan bli justeringar i forhold til det som går fram av mogleighetsstudien. Dette er lagt til grunn i planprogrammet og særskilt presisert her. Planprogrammet tek med andre ord høgde for at det kan bli justeringar i planlagde sikringstiltak.

NVE har inngått eit samarbeid med Statens vegvesen som legg til grunn bruk av Rv15 som flaumsikring. Ved å bruke Rv15 som flaumsikring, vil også Rv15 som samferdselsåre bli sikra ved flaumhendingar. Eit slikt samarbeid mellom ulike instansar med ulike ansvarsområde er i tråd med Stortingsmelding for flaum og skred. Nødvendig heving av riksvegen for flaumsikring er i samsvar med formålet og rammene for reguleringsplanarbeidet.

Omtalte utvidingsområde er avgrensa areal som ikkje introduserer nye problemstillingar som ikkje allereie er fanga opp av dei utgreiingstema som er omtalt i planprogrammet. Formål og rammor for planarbeidet blir ikkje endra som følgje av utviding av planområdet. Sidan planprogrammet tek høgde

for at det kan bli justeringar i planlagde sikringstiltak, og også er dekkande m.o.t. utgreiingstema, meiner Vågå kommune at utvidingane av planområdet ikkje utløyser behov for å revidere planprogrammet.

### **Frist for innspel og merknader**

Varsel om endra plangrense er tilgjengeleg på kommunen si heimeside <https://www.vaga.kommune.no/tenester/plan-miljo-klima-bygg-brann-og-teknisk/plan/hoyring-og-kunngjeringar/> og informasjon er også lagt ut for gjennomsyn i servicetorget på kommunehuset. Utvida plangrensa er oppdatert i kommunen sin planbase og tilgjengeleg i kommunen si kartinnsynsløysing.

Frist for innspel eller merknader som gjeld utvidinga av planområdet blir sett til **03.04.2025**

Innspel og merknader skal sendast til: Vågå kommune, Edvard Stormsveg 2, 2680 Vågå eller til [postmottak@vaga.kommune.no](mailto:postmottak@vaga.kommune.no).

Med helsing

Pål Inge Sanden

*Kommunalsjef*

Ingunn Moen Helland

*Plan- og miljørådgjevar*

*Dokumentet er elektronisk og sendes utan signatur.*

### Vedlegg

- 1 Kart med plangrense og markering av utvidelsen
- 2 Saksprotokoll Områderegulering for Vågåmo for flomsikring mot Finna, Nugga og Otta - Innskrenking av planområdet

Kopi til:

NORCONSULT NORGE AS AVD OTTA

Skansen 2E

2670

OTTA